

Høyringsfråsegn frå Alversund mållag til
Kultur som drivkraft – utkast til kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv.

Høyringsfrist 11. april 2023

Styret i Alversund mållag vil gje følgjande merknader til kommunedelplanen for kultur, idrett og friluftsliv:

Planen er svært tiltalande utforma. Innleiingsvis sorterer KDP delmåla og strategiane frå samfunnssdelen i fire overskifter, som me finn att i handlingsplanen: 1. Kultur- og idrettskommunen, 2. Møteplassar og aktivitet, 3., Inkludering, mangfald og livssyn og 4. Dei store spørsmåla. Det er ryddig og oversiktleg at me finn desse fire punkta att i handlingsplanen. Eit tips der er forkortingar (MUHO, KPA, VLFK, DKS, IKKUS) burde vore forklarte.

Våre forslag er merkte **KDP** = kommunedelplan, **HP** = handlingsplan. Forslaga er redigerte etter overskriftene i KDP.

Alversund mållag er glad for at planen slår fast at Alver kommune skal vera ein aktiv og medveten nynorskkommune, med nynorsk som skriftspråk for folk med ulike dialektar og talemål (**KDP s 8**, med vårt forslag til omformulering, som me synest fungerer betre om ein skal sitera planen). Me har tru på a at eit viktig verkemiddel i så måte vil vera språkbruksplanen som skal vedtakast i 2023 (**HP s 8**).

Me ser positivt på forslaget om å utvikla Nynorskdagane til ein større kommunal kulturfestival. Kommunen har store ressursar både materielt og personellmessig, og med godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, trur me at dette skal me få til! Det er mange innfallsportar til nynorsken, og mange arenaer den boltra seg på – dette er noko som må utforskast, heile tida med nynorsk i sentrum. Alversund mållag vil gjerne bidra her.

Samtidig kan nynorsken ikkje verta noko me tar fram for ei vekes festival - skriftspråket er noko me brukar og møter kvar dag og på mange område. Derfor vil me nedanfor konkretisera korleis nynorsken kan styrkjast og styrkja andre satsingar som ligg i planen på ulike felt.

Me støttar forslaget om å etablere samarbeid med dei regionale nynorsk-teatera (**KDP s 20**) om å skapa produksjonar tilpassa dei scenene me har. Samtidig skal scenekunstfeltet takast omsyn til i eit regionalt kulturhus (**KDP s 20**).

Samarbeid mellom amatørar og profesjonelle var eit suksesskriterium då korpsa utvikla seg sterkt, og me er sikre på at det vil gjelda på andre kulturfelt òg, slik me har sett med dei store teateroppsetjingane på Seim. Saman med ei satsing på nye og etablerte forfattarar og lyrikarar (**KDP s 21**) trur me slikt samarbeid vil skapa vera grobotn for fleire aktørar og historiar frå Alver. Gleda ved å delta og uttrykkja seg bør øvast opp tidleg, sjå punktet barnekultur nedanfor.

Alversund mållag ser det å få eit regionalt kulturhus i Knarvik som særstakt viktig for å utvikla kulturlivet i Alver og heile regionen, og styrkja den lokale identiteten og nynorsken. På dette feltet er Alver kommune sterkt på etterskot.

Bibliotek

Me merkjer oss at det er store geografiske skilnader i bibliotekbesøk pr innbyggjar. For at biblioteket skal oppfylla rolla si med å sikra kunnskap, fremja debatt og gje gode opplevingar, er eit desentralisert tilbod viktig. Det gjeld både for eldre og unge, i ein kommune der reiseavstandane er store og kollektivtilboden dårleg. Biblioteket er ein viktig ressurs for mållaget i samband med ulike arrangement, og me ser fram til å halda fram det gode samarbeidet.

HP s 6, nytt punkt : sikra godt bibliotek-tilbod i heile kommunen

HP s 6, nytt punkt: Ta ansvar for å kjøpa inn og formidla nynorsk litteratur, særleg lesa opp for dei minste på nynorsk gjennom heilt året.

Barnekultur

Me ser svært positivt på tanken om å etablera ein kulturell bæremeis (**KDP s 36**).

HP s 6, nytt punkt: Inspirera og støtta barnehagepersonalet i det å bruka nynorsk med dei minste.

HP s 6, nytt punkt: gje alle barn på eit bestemt trinn i grunnskulen sjansen til å samarbeida med ein profesjonell forfattar og kunstnar om eit produkt basert på tekstar og illustrasjonar elevane sjølv har laga. Korleis dette skal organiserast, må avklarast med grunnskulen/kulturskulen.

Arenautvikling og kulturhus

Å få på plass eit regionalt kulturhus i Knarvik er eitt av dei tre utpeika store spørsmåla i samfunnsplanen. Dette punktet bør konkretiserast. Vidare skal kulturhuset dekka mange formål, det gjev synergieffektar. Kino bør vera eitt av formåla.

HP s 20, nytt punkt: «Setja av tomt til regionalt kulturhus» (dette må kunna skje i 2023, som ein inngang til intensjons- og kartleggingsdialogen med Vestland fylkeskommune)

HP s 20, tillegg: Etablera tidsplan for gjennomføring av kulturhus i lag med samarbeidspartar og tidfesta milepælar.

KDP s 19, siste setning: Kulturhuset skal verta ein motor for attraktivitet og oppleving, men også eit lokalt aktivitetshus for Knarvik. Det skal hysa breie kulturformer som bibliotek, kino, kulturskule, kunst, teater og dans.

Det er viktig og positivt at planen tek sikte på å sikra ulike arenaer til ulike typar musikk, slik det er lagt opp til **KDP s18-19**, men andre kulturformer må også takast omsyn til alt i starten av planlegginga, til dømes tekstformidling og musikkteater (jamfør garderobebehov, kunna dela av rommet, akustikk). Dette gjeld til dømes Osterhallprosjektet, gamle Alversund skule, nye Alversund skule, kulturhus på Manger.

HP s 12, nytt punkt: Kultur-arenaer må planleggjast også med tanke på teater og tekstformidling generelt.

HP, s 10, nytt punkt: Skaffa enkelt lydanlegg til utleige og tilby kurs i bruken av det, for lokale arrangørar.

Kulturarv

HP, s 11, nytt punkt: Skilta stadnamn langs ruta Laberbekken (Alversund) over Elsås til Seim, og kulturløype på Seim. Skilting av den gamle postvegen Isdalstø-Fanebust på strekkjer der folk kan gå.

HP, s 4, nytt punkt: Prioritera stadnamanarbeidet høgare og styrkja kulturavdelinga for å vera betre i stand til å handsama stadnamnsaker og synleggjera stadnamna som kulturarv.

HP, s 4, nytt punkt: Leggja ut nettet «oppskrifta» og ein video som viser korleis folk kan leggja inn namn på nordhordlandskart.no.

Alver kulturskule

KDP s 30, føya til i avsnittet om lokal tradisjonskultur: .. gjennom samarbeid med tradisjonsberarar og komponistar/arrangørar og forfattarar/lyrikarar.

Ungdom

KDP, s 35, 4. setning, endra til: Ungdomstilboda våre skal førebyggja utanforskap, mobbing og rusbruk og danna gode rammer for unge i kommunen vår, skapa rom for mestring og gjera dei unge trygge på seg sjølve, også språkleg, og stolte av å vera frå kommunen vår.

HP, s 19, nytt punkt: Etterspørja nynorsk materiell frå MOT, ta dette opp i LNK. Oppstart 2023.

HP, s 14, nytt punkt: Biblioteket samarbeida med teatermiljøet om skriveverkstad

Inkludering og mangfold

KDP, s 40, tillegg 3.avsnitt: Flyktningar og andre innvandrarar skal få hjelp til å verta integrerte i lokalsamfunnet kulturelt og språkleg, både i tilbod som biblioteket og frivilligsentralane står bak.